

Til isbjørnens land

Opplegget er laga for å støtte elevane i å lese og tolke ein lengre samansett tekst om Zack og Sigve, to ungdommar som planlegg å krysse Grønland aleine. Elevane skal arbeide med engasjerande førlesingsoppgåver, fokusert lesing, samarbeid, refleksjon og ulike skriveoppgåver. Gjennom arbeidet får elevane trene på å identifisere informasjon, tolke tekst, bruke fagomgrep og uttrykkje eigne tankar både skriftleg og munnleg.

Etter lesinga skal elevane arbeide vidare med teksten, mellom anna ved å skrive ein reflekterande tekst om kva slags moglegheiter ein har som ungdom, og ved å gjere om ein dramatisk augneblink i teksten til førstepersonsforteljing. Slik får elevane setje ord på eigne perspektiv og tankar, noko som kan styrkje både tolkinga og forståinga deira.

Før vi les

Oppgåve 1 – kontekst

To og to saman

Teksten vi skal lese heiter *Til isbjørnens land*. Kvar i verda trur de teksten tek oss til? Finn eit kart og kom med forslag til ein eller fleire destinasjonar der ein finn isbjørn. Kva verdsdel og land snakkar vi om, trur de?

Var det nokon som gjetta Grønland?

- Kva veit de om Grønland?
- Kvar i verda ligg Grønland?
- Kor mange menneske bur på Grønland? Gjett!
- Kva ville du ha pakka med deg om du skulle reise dit i morgon?

Oppgåve 2 – førlesingskviss

Sjå lysbilete nummer 5. Ta utgangspunkt i bileta og forklar kva dei har med Grønland å gjere.

Samtal to og to saman - før de deler med resten av klassa.

Oppgåve 3 – førforståing

I ingressen til teksten vi skal lese står det «Zack og Sigve går i fotspora til norske legender når dei vil bli dei yngste til å gå aleine over Grønland, nokon sinne.»

- a) Kor gamle trur de Zack og Sigve er?
- b) Kva slags «norske legender» blir det vist til, trur de?

Oppgåve 4 – å kjenne att teksttypen

Blad raskt gjennom teksten og kom med forslag til kva slags teksttype det er vi skal lese. Kva kjenneteiknar denne teksttypen?

Skriv ned nokre stikkord. Samtal saman i klassen om kva de har kome fram til.

Medan vi les

Oppgåve 5 – lesefokus

Finn fram to fargetusjar eller blyantar

Medan vi les, skal du markere med kvar sin farge:

- Opplysingar som fortel noko om kvifor Zack og Sigve vil gå over Grønland.
- Opplysingar som fortel noko om tidlegare erfaringar gutane kan få bruk for på turen.

Hugs også:

Stopp opp undervegs og studer bileta og les bilettekstane. Bileta og bilettekstane gir ofte viktig informasjon som ikkje står i hovudteksten. Dei kan forklare, utdjupe eller vise døme som gjer det lettare å forstå innhaldet.

Etter vi har lese teksten

Oppgåve 6 – inn i teksten

Medan vi las, skulle du markere:

- Opplysingar som fortalde noko om kvifor Zack og Sigve ville gå over Grønland
- Opplysingar som fortalde noko om tidlegare erfaringar som gutane kunne få bruk for på turen.

Del det du har markert i teksten med sidemannen.

Samtal til slutt i samla klasse om kva de har kome fram til.

Oppgåve 7 – å snakke om tekstopplevinga

Når vi skal snakke om leseopplevingar, er det viktig å øve seg på å vere nyansert og å grunngje synspunkta våre. Ein god måte å gjere det på er å bruke eit presist språk, ulike adjektiv og gjerne språklege forsterkarar eller demparar, slik at du får sagt meir nøyaktig kva du meiner om teksten.

Kva synest du om teksten du har lese? Bruk eitt eller fleire av adjektiva i refleksjonen din. Prøv også å nyansere synspunkta dine ved å bruke dei språklege forsterkarane eller demparane. Hugs å grunngje synspunktet ditt.

Språkleg forsterkar (som gjer adjektivet sterkare)	Språkleg dempar (som gjer adjektivet svakare)	Positive adjektiv	Negative adjektiv
veldig	litt	spennande	kjedeleg
skikkeleg	ganske	engasjerande	langdryg
utruleg	delvis	inspirerande	uinteressant
enormt	nokså	morosam	repeterande
super	kanskje	overraskande	overflatisk
særs	noko	tankevekkjande	rotete
ekstremt	til dels	underhaldande	tung
kjempe	forholdsvis	velskreven	uoversiktleg

Eksempel på setningsstartar:

Eg synest teksten vi las var __ fordi eg opplevde at ...

Felles klasseromssamtale:

Kva adjektiv går igjen?

Kva grunngjevingar blir løfta fram?

Oppgåve 8 – inn i teksten

Ta utgangspunkt i underoverskriftene som er ramsa opp under og snakk dykk gjennom kva teksten handla om.

- Ville gjere noko crazy
- 360 grader kvitt
- Kan bli tidenes yngste
- Ein skjeggete mann
- For lite dyreliv
- Du kan ikkje gi deg berre fordi du er sliten
- Dei små gledene
- Skjønar ikkje kvifor det er gøy
- Eg kunne ha døydd!
- Vekk frå algoritmane
- Vegen vidare

Oppgåve 9 – ta stilling

I teksten listar Zack og Sigve opp fire punkt dei må vere førebudde på:

1. Å ha det ubehageleg over tid.
2. Å kunne klatre over isbrear.
3. Å overleve storm.
4. Å kunne forsvare seg mot isbjørn.

To og to saman

a) Kva slags punkt meiner du at du kunne ha takla og kvifor?

Vis til kva slags utfordringar eller krav du meiner at du kunne ha meistra og peik på eigne ferdigheiter eller kvalitetar.

b) Kva slags punkt meiner du at du ikkje hadde takla – kvifor? Vis til kva som hadde vore vanskeleg for deg, eller kva som ville ha blitt ei for stor utfordring.

c) Kva slags punkt kunne du ha tenkt deg å bli god til – og kvifor?

Oppgåve 10 – reflekter

Samtaleoppgåver

1. Kva slags inntrykk fekk du av Zack og Sigve?
2. Kva seier dei, og kva fortel det om korleis dei er som personar, synest du?
3. Kva haldningar eller verdiar kjem fram når dei snakkar? Peik på konkrete punkt i teksten som støttar svaret ditt.
4. Etter å ha lese teksten og studert bileta, synest du gutane framstår som trygge, utrygge, sikre, usikre, eller kanskje noko midt i mellom? Forklar kva som gir deg dette inntrykket?
5. Er Zack og Sigve gjennomsnittlege tenåringar? Grunngje synspunktet ditt.
6. Korleis trur du oppveksten deira har påverka kva dei tør og vil gjere?

7. Har alle ungdommar like gode føresetnader?
Grunngje synspunktet ditt.

Vi reflekterer saman gjennom ein felles klasseromssamtale til slutt.

Skriveoppgåve 1

«Det som er kult når vi er så unge, er at verda er så stor. Det er mange rekordar å ta. Vi kan bli dei yngste til å gå åleine over Grønland, yngste til Sørpolen, så lenge vi jobbar hardt nok (...).»

Ta utgangspunkt i sitatet frå Sigve og reflekter over kva slags moglegheiter som ligg framfor deg som ungdom. Er det slik at hardt arbeid kan gjere alt mogleg, eller finst det grenser? Kvifor trur du at somme ungdomar opplever verda som full av moglegheiter, medan andre tenkjer at ingenting er mogleg å få til? Avslutt teksten med å kome med forslag til kva slags rekord eller stor prestasjon, du sjølv kunne vore villig til å arbeide mot.

Hugs å skrive ein heilskapleg tekst med innleiing, hovuddel og avslutting. Teksten bør vere på ca. ei dataskrivne side.

Skriveoppgåve 2

I teksten blir det referert til ei dramatisk hending som Sigve opplevde. Skriv vidare på teksten under, men gjer om synsvinkelen slik han blir fortalt i 1. person med ein personleg synsvinkel. Utvid augneblinken og gjer han så spanande som mogleg. Bruk korte skildrande setningar og flett inn tankane og kjenslene til eg-personen undervegs.

«Då det var Sigve sin tur over elva, kjente han smerta i dei nyopererte tærne som hadde vorte heftig betente. Han trakka ut i elva, gjekk ut på det djupaste, plasserte føtene forsiktig på elvebotnen for å finne hald. Det var vondt å legge vekt på tærne, og vanskeleg å finne godt fotfeste. Han nærma seg elvebreidda då det skjedde: Elva røska i han, og skoen sklei (...).»

Når teksten er ferdigskriven: Kva lydar kan passe til teksten din? Søk etter gratis lydkulisser [her](#).

Framfør tekstane for kvarandre medan de speler av lydkulissa i bakgrunnen.

Når de er ferdige med å framføre tekstane, kan de snakke saman om de sjølve har opplevd noko dramatisk i naturen.

Skriveoppgåve 3

Du er på eit halvårig utvekslingsprogram i byen Nuuk på Grønland. No har det gått to månadar, og du har mykje å fortelje om både kulturen, naturen, vener og familien du bur med.

Skriv ein e-post til bestemor der du skildrar korleis du har det, og gjer teksten så engasjerande som mogleg.

Flett inn skildringar av:

- naturen og kulturen rundt deg
- menneska du bur med og omgåast med